



**Notat**

Dato: 09.08.2017  
Arkivsak: 2017/3797-2  
Saksbehandlar: evavinj

---

Til: Fylkesutvalet

---

Frå: Fylkesrådmannen

---

## Evaluering av leveransar og tenester til dei politiske utvala i Hordaland fylkeskommune

Seksjon for forsking, internasjonalisering og analyse har på oppdrag frå fylkesdirektør for økonomi og organisasjon gjennomført ei kort evaluering av fylkesadministrasjonen sine leveransar og tenester til dei politiske utvala i Hordaland fylkeskommune. For å skaffe datagrunnlag til evalueringa vart det sendt ut ei spørjeundersøking til alle folkevalde med fast plass i minst eitt utval.

Undersøkinga omfatta spørsmål om:

- Praktisk organisering av møte
- Opplæring i lover og reglar
- Kvalitet og relevans til dei politiske sakene
- Nutte av ekskursjonar og seminar
- Arbeidet med protokollen
- Nutte og brukarvenlegheit til ePolitiker, elnnsyn og Hordaland.no

På dei fleste spørsmåla blei respondentane bedne om å svare på ein skala frå 1 (*Svært misnøgd/heit ueinig/i svært liten grad*) til 5 (*Svært nøgd/heilt einig/i svært stor grad*).

Det var i alt 57 respondentar som fekk tilsendt undersøkinga, av desse var det 42 som svara på heile undersøkinga, i tillegg til at fire respondentar ga nokre svar.

Funna i denne undersøkinga viser at det alt i alt blir levert gode tenester til dei folkevalde, men det er framleis enkelte områder der det er rom for forbetring.

Når det gjeld den praktiske organiseringa i forbindelse med møter fekk nesten alle punkta ein snittskår på 4,0 eller høgare. Unntaket var «Lyd (mikrofonar) på eksterne møterom», som fekk ein snittskår på 3,7.

På spørsmål om opplæring i lovar og reglar var svara litt blanda og snittskåren strekte seg frå 3,6 til 4,2.

Opplæringa i styreansvar blir oppfatta som best, medan kommunelova ligg i andre enden av skalaen.

Dei folkevalde blei bedne om å ta stilling til ei rekke påstandar om fylkessekretariatet. I denne delen skårar fylkessekretariatet svært godt. Det vil seie at fylkessekretariatet blir sett på som lett tilgjengelege, gir gode svar og avklaringar, òg at dette skjer innan rimeleg tid.

I delen om dei politiske sakane blei respondentane bedne om å svare på kor nøgde dei var med sakene på følgjande område:

- Aktualitet og relevans
- Utgreiing av saksområde
- Tydeleg og forståeleg språk i saksframlegg

- Tydelige forslag til vedtakspunkt i innstilling
- Talet på politiske sakar på kvart møte

Sistnemnde er det einaste punktet som fekk ein snittskåre lågare enn 4,0. Alt i alt er det sakene i *Utval for kultur, idrett og regional utvikling* som kjem best ut (snitt 4,2), medan sakane i *Utval for opplæring og helse* kjem dårligast ut (snitt 3,8).

Når det gjeld dei digitale plattformene er tilbakemeldingane stort sett gode, men alle kan forbetre brukarvenlegheita.

Fylkesrådmannen vil følgje opp eventuelle tiltak knytt til undersøkinga.